



# DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

## Møteprotokoll for Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Tid: 01.03.2023 kl. 19:00  
Stad: Kyrkjekontoret

---

### Frammøtte:

Odd Arne Vikebakk	Leiar
Annelise Kleven Godø	Nesteleiar
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Karianne Sveen Orvik	Medlem
Karete Malen Nesset Melø	Medlem
Lidbjørn Vattøy	Medlem
Margit Lovise Holte	geistleg representant
Kristian Osnes	4. vara
Hildegunn Karin Fiskerstrand	5. vara
Christfried Kaul	sekretær

---

### Forfall:

Bodil Muren Voldsdund	Medlem
Hannelore Måseide	Medlem
André Sæter	1. vara

---

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
S-2023/1		innspel Kommuneplan samfunnsdel 2023	022.0
S-2023/2		Samarbeid om ny ungdomsklubb i Ulsteinvik sentrum	361.0
S-2023/3		Bestilling av stolaer passande til kyrkjekestilane i Ulstein kyrkje	413.0
S-2023/4		Arbeid i utval	002.3
S-2023/5		Kirka vår - samla plan for arbeid i kyrkjelyden	023.0
S-2023/6		Saman som kyrkje i heile verda 2023	362.0

### Meldingar:

#### S001 Soknerådsval 2023

##### Vedlegg:

Rettleiing for nominasjonskomiteen

Tildelingsbrev og tildelingstabell tilskot til fellesråd kyrkjeval 2023

Førebels kandidatliste Ulstein sokneråd 2023 - 2027

Nominasjonskomiteen har jobba med å finne kandidatar til neste sokneråd i Ulstein sokn. Desse 13 kandidatane ønskjer å stille til soknerådsval 2023:

*Øyvind Hagen, Linda Hasund, Beate Hopland Langnes, Marianne Kaldhol, Silje Kiperberg Aksnes, Ingrid Redse Mjaaseth, Berge Myrene, Janne Fylsvik Rønningen, Cecilie Frantsen Skeide, Gunn Marthe Veddegerde Pieroth, Monica Leine Tokheim, Odd Arne Vikebakk, Mali Åm*

Alle kandidatar er sjekka mot medlemsregisteret.

Det er framleis mogleg å foreslå og spørje fleire kandidatar. Vi kan ha maks 26 kandidatar. Nominasjonskomiteen vil fram til neste soknerådsmøte, 29. mars legge frem ei endeleg kandidatliste i prioritert rekkefølgje, signert av ti forslagsstillerar som stiller seg bak forslaget til nominasjonskomiteen.

For arbeidet med kyrkjeval har Ulstein kyrkjelege fellesråd fått tildelt kr. 44.451

Kommentar: Soknerådet synest der er ei flott liste med kandidatar. Det kom nokre forslag på kandidatar som nominasjonskomiteen kan spørje.

**S002 Prostevisitas**

Prosten tek del i gudsteneste 26. mars, tek del på soknerådsmøte 29. mars og tek del i stabsmøte 30. mars.

**S003 Massasjestudio i Sjøgata 61**

Soknerådet har blitt kontakta av sokneprest som etter konfirmantundervisning og samtalar med ungdom fått ein del spørsmål om verksemda som drivast i lokale på hjørnet vendt mot Fredheim / kyrkja. Mange har sett dokumentaren som er sendt i NRK der også massasjestudio i Ulsteinvik har vore i sørklyset knytt til mogleg prostitusjon og menneskehandel. Måten verksemda står fram på med stadig trafikk kveldstid når vi har kor og andre samlingar på Fredheim vekker uro, ubehag og bekymring for om menneske vert utnytta. Soknerådet deler denne bekymringa særleg med tanke på at uskuldige menneske vert misbrukt og krenka, og at vi driv barne- og ungdomsarbeid i direkte naboskap. Enkelte har også tatt kontakt med politiet. Soknerådet beslutta å gå vidare med bekymringa og etterspør:

- Er dette ei godkjent verksemnd?
- Er det vanleg for helseteneste med slike opningstider?

Kyrkjeverja skal undersøke saka administrativt med kommunen. Soknerådet ønskjer:

- Å henvende seg til Sameiget Sjøgata 61 med ei bekymringsmelding
- Å vurdere å legge bekymringa frem for kommunestyret på open talarstol i eit kommunestyremøte

Ulsteinvik, 03.03.2023

---

## S-SAK 2023/1 innspel Kommuneplan samfunnsdel 2023

### UTGREIING

Vedlegg:

*Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel 2023-2035*

Ulstein kommune skal rullere kommuneplanens samfunnsdel.

Samfunnsdelen er kommunen sin viktigaste plan. Den skal ta stilling til den langsiktige utviklinga og utfordringar for Ulstein-samfunnet og for kommunen som organisasjon. Planen skal skissere mål:

**Slik vil vi ha det.** Og den skal skissere strategiar: **Slik vil vi gjøre det.** Planen skal ligge til grunn for kommuneplanens arealdel og andre planar i kommunen.

Ulstein kommune ønskjer innspel til planen. Det kan vere konkrete innspel, t.d. om vi manglar eit spesifikt tilbod, men også større tankar.

Noko å tenkje på kan vere:

- Korleis skal Ulstein møte framtida?
- Kva utfordringar står vi føre?
- Kva skal vi prioritere i åra framover?
- Har vi foreslått rett satsingsområde i planprogrammet?
- Kva er viktig for deg som innbyggjar i Ulstein?
- Kva fungerer godt eller dårlig i dag?

Innspel kan sendast til [postmottak@ulstein.kommune.no](mailto:postmottak@ulstein.kommune.no). Frist for innspel er **22.03.2023**.

Ulstein sokn er ein viktig samfunnsaktør som gjennom sitt arbeid leverer mange gode og viktige bidrag til lokalsamfunnet. Ut frå sitt samfunnsoppdrag bør Ulstein kyrkje gi nokre innspel til planen. Dette kan gjerast t.d. av ei arbeidsgruppe som tek med seg innspel som kjem fram gjennom soknerådsmøtet.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

### HANDSAMING

### VEDTAK

Ei arbeidsgruppe beståande av Odd Arne Vikebakk, Cecilie Frantsen Skeide, Annelise Kleven Godø skal setje seg saman og gi innspel innan fristen.

---

## S-SAK 2023/2 Samarbeid om ny ungdomsklubb i Ulsteinvik sentrum

### UTGREIING

Vedlegg:

*kort presentasjon av konseptet med Verdas beste ungdomsklubb*

Det er konkrete planer om starte ein ny ungdomsklubb der ulike kristne aktørar samarbeider. Ulstein sokn har blitt spurt om å delta i samarbeidet.

Knut Einar Tokheim er ein av initiativtakarane til klubben og vil kome på møtet og presentere konseptet.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

### HANDSAMING

Moment frå samtalen:

- Flott initiativ for å styrke lavterskel tilbod for ungdom og vere til med gode tilbod for fleire ungdomar enn i dag
- Viktig at vi står saman om eit godt og nytt tilbod og rekrutterer nye ressursar inn i arbeidet
- Spanande korleis sjølve lokale og tilbodet vil bli aksepteret av nye.
- Vaksent nærvær er viktig, både som samtalepartner og som støtte for ungdomen som engasjerer seg.
- Utfordring med å vere frimodig og prøve ukjente møteplasser. Redd for ikkje å bli inkludert når man er ny. Spenning mellom det store behovet for å bli sett og bli hørt og redselen nettopp for å vere synleg og sårbart.
- Krevjande og utfordrande i samfunnet vårt med å utvikle og dyrke opne fellesskap – både for ungdom og vaksne.
- Finne balansen mellom å kunne vere anonym og å kunne delta i eit fellesskap – finne venar og kompiser.
- Det må jobbast med dei vaksne at dei ikkje «vil for mykje» for ungdomen som kjem.
- Det er viktig å skilje mellom eit vaksent nærvær til stønad når det trengst og eit vaksent nærvær nærvær med ein agenda.
- Når arbeidsformen med grupper og aktivitetar liknar for mykje på arbeidsmåten Ten Sing har, kan det bli ein konkurrerande aktivitet som trekker deltagarar vekk frå Ten Sing.
- Det er ønske og behov for også løne ein ungdomsarbeider i nokre prosent. Å sikre økonomi til dette må undersøkjast både gjennom frivillige organisasjonar og kyrkja sine vekstmidlar.  
Soknet kan ha rolle som arbeidsgjevar.

### VEDTAK

Ulstein sokneråd støttar initiativet og vil vere med på å utvikle klubben til ein godt fungerande møtestad. Ulstein sokneråd vil vere med å leite etter moglege stønadsordningar for at klubben kan ha ressursane som trengst. Soknerådet ber Bjørn Losvik om å vere kontaktperson for soknet inn i ungdomsklubben.

---

## S-SAK 2023/3 Bestilling av stolaer passande til kyrkjetekstilane i Ulstein kyrkje

### UTGREIING

#### Vedlegg:

*Regler og veiledning for bruk av liturgiske klær*

I følgje reglementet for liturgiske klede skal det finnast eit sett med liturgiske lede som er tilpasset kyrkjerommet og det øvrige liturgiske utstyret. I Ulstein kyrkje manglar det stolaer i 2 liturgiske farger.

Det årlege vedlikehaldbudsjett for Ulstein kyrkje treng også ta høgde for vedlikehald og fornying av liturgiske klede tilhøyrande Ulstein kyrkje.

Biskopen skal godkjenne stoff, farge og symboler på stola.

Soknepresten foreslår å finne ein lokal skreddar eller tekstilkunstnar som kan utføre arbeid, levere ei skisse til godkjenning, og eit pristilbod.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

### HANDSAMING

Vi ønsker å spørje pensjonert tekstilkunstnar Laila Endresen til å lage lilla og kvit stola. Soknerådet skal få lagt fram ei skisse til vedtak, biskopen skal godkjenne det. Det er midlar til dette gjennom driftsbudsjett. Kostnadene kan bli fordelt på 2 kalenderår dersom det trengst.

### VEDTAK

Ulstein soknerådet vedtek å anskaffe dei to stolaer i løpet av 2023. Ulstein sokneråd ønskjer å gi oppdraget til tekstilkunstnar Laila Endresen.

---

## S-SAK 2023/4 Arbeid i utval

### UTGREIING

Vedlegg:

*Notater frå gruppearbeid om utval i Ulstein sokn på felles møte mellom sokneråd og stab 01. februar*

På felles møte mellom sokneråd og stab kom det frem at arbeid i utval, der vi samler rådsmedlemar, tilsette og frivillige, er framleis eit viktig reiskap for å utvikle kyrkjelyden vidare. Som faggruppe skal utvalet førebue saker til handsaming i sokneråd, men også kunne starte initiativ til aktivitetar soknerådet ser behov og engasjement for.

Det er ei målsetting å få dei eksisterande utval i arbeid før det nye soknerådet startar sitt arbeid, slik at arbeidet i utval fungerer godt i denne siste perioden soknerådet.

Men det trengst ein gjennomgang av strukturen og arbeidsmåten:

Kven skal vere leiar for utvalet?

Kven er sekretær for utvalet?

Kven kallar inn til møtene?

Kor mange tilsette, rådsmedlemar og frivillige skal sitje i eit utval?

Kva nye utval treng vi eventuelt?

Det nye digitale planverktøyet gir utvala ein fin mulighet å legge inn aktivitetane i planen for og det kunne vere ei målsetting å få brukt eit utvalsmøte på dette i løpet av våren.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

### HANDSAMING

Desse får eit ansvar til å kalle saman utvalgsmøte før neste møte i sokneråd

Gudstenesteutval: Karianne

Undervisningsutval: Karete

Diakoniutval: Cecilie

Kyrkjemusikkutval: Bodil

- utvalet bør ikkje starte før Michelle er på plass, men vi treng gode namn som kan vere klar før sommaren, ønskjeleg eit møte med Bodil, Øyvin, Jan og Christfried

Barne- og ungdomsutval: nytt

Utval for vedlikehald av kyrkjebygg: Lidbjørn

Administrasjonsutval: Odd Arne

Økonomiutval: Annelise

### VEDTAK

Ulstein sokneråd vedtek at alle utval skal ha eit møte før neste møte i sokneråd, onsdag, 29. mars 2023 med unntak av kyrkjemusikkutval, Barne- og ungdomsutval.

---

## **S-SAK 2023/5 Kirka vår - samla plan for arbeid i kyrkjelyden**

### **UTGREIING**

Vedlegg:

Innloggingsside for det digitale planverktøyet: <https://plan.kirken.no/>

Lenke til ressurssiden: <https://ressursbanken.kirken.no/nb-NO/digitalisering/kirka-var/>

På felles møte mellom sokneråd og staben blei det digitale verktøyet, Kirka vår - samla plan for arbeidet i soknet, presentert. Planen skal samle og gi oversikt over aktivitetane i kyrkjelyden, vise tal om kyrkjelyden, og gi innblikk i satsingar kyrkjyden har fokus på.

Planen skal takast i bruk av alle kyrkjelydane i landet, og det er ei målsetting at dei nye soknerådene kan ta utgangspunkt i denne planen for utvikle kyrkjelydslivet vidare.

Planverktøyet er oppretta for Ulstein sokn og kobla til statistikken. Det er anbefalt å legge inn aktivitetene kyrkjelyden har gjennom året. Både stab og sokneråd har fått tilgang til verktøyet og kan ta det i bruk.

På felles møte mellom sokneråd og stab 1. februar blei det satt som eit mål at dei ulike utval skal møtast for å legge aktivitetane frå dei ulike fagfelt inn i det digitale verktøyet Kirka vår.

På denne måten kunne soknerådet ta sikte på å handsame ein første skisse til denne planen på sitt siste møte før sommarferie.

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Saka blir lagt frem utan framlegg til vedtak

### **HANDSAMING**

Planverktøyet «Kirka vår» kan brukast av utval til å skrive inn alle aktivitetene som ligg i arbeidsfeltet utvalet har eit ansvar for. Det kan gjerast som ein arbeidsøkt på utvalsmøte.

### **VEDTAK**

Ulstein sokneråd oppfordrer utvala til å legge inn den løpende aktiviteten før siste møte i SR før sommarferien.

---

## S-SAK 2023/6 Saman som kyrkje i heile verda 2023

### UTGREIING

Vedlegg:

*Takkebrev til kyrkjelydane som har misjonsavtale med NMS*

*Brosjyre årets aksjon Saman som kyrkje i heile verda*

Planlegginga av årets Saman - aksjon er i gang. Målet med aksjonen er å styrke kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt for på den måten å styrke kyrkjelyden si rolle i kyrkja sitt globale oppdrag. Gjennom kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt bidreg vi til å øke det økonomiske handlingsrommet til kyrkjer og organisasjoner i andre delar av verda. Kyrkja sitt arbeid handlar om å forkynne evangeliet om håp, frelse og likeverd for alle menneske, i ord og handling. Kyrkjene er viktige aktører i lokalsamfunn over heile verda og kan bidra til å styrke demokratiske verdiar nedenfra.

Deltaking i Saman som kyrkje i heile verda aksjonen er eit høve til å styrke kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i ein felles nasjonal lokal aksjon i perioden fra Kristi Himmelfartsdag til St. Hans. Det skal være enkelt å delta i aksjonen. Den enkelte kyrkjelyd avgjer sjølv kva de vil gjere.

Aksjonen har nye nettsider som du finn i Ressursbanken her: [Sammen som kirke i hele verden - Ressursbanken, Den norske kirke \(kirken.no\)](#)

Innsamlingsveilederen gir hjelpe og tips til ulike måtar å samle inn penger på: [Innsamlingsveileder for aksjonen Sammen som kirke i hele verden - Ressursbanken, Den norske kirke \(kirken.no\)](#)

Ulstein sokn har deltatt på ulike måter i aksjonen tidlegare med Spleis- innsamling knytt til misjonsstatement av engasjerte personar i kyrkjelyden og med misjonslotteri på kyrkjelydsfesten. På kva måte ønskjer Ulstein sokn bruke aksjonstiden i 2023?

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt frem utan framlegg til vedtak

### HANDSAMING

Spleiss- aksjonen har vore godt vi bør halde fram med den. Men det er også viktig med infor rundt prosjektet – ikkje berre pengeinnsamling. Vi er litt på leit etter å finne gode grep for å auke engasjement – og få involvert fleire.

### VEDTAK

Soknerådet ønskjer å delta i aksjonsperioden gjennom ei ny Spleiss- innsamling, tombola på kyrkjelydsfesten, med nokre oppsklag om misjon på heimeside og i sosiale media og informasjonsmateriell på papir. Fleire idear er velkomne.